


FØRDE FRAMOVER

Årsmelding 2009

"Det framtidige og moderne Sogn og Fjordane er under utforming og Førde er drivkrafta". (Sogndølen og samfunnsdebattanten, Georg Arnestad, under møte i regi av Samfunnsviterne i Sogn og Fjordane i Førde, januar 2010.)

Førde, 9. mars 2010



FØRDE FRAMOVER

Årsmelding 2009

Førde Framover vart etablert som eit dugnadsbasert omdømmeprosjekt med tre undergrupper (Visjon, Byforming og Omdømme) i februar 2008. Målet er å styrke Førde og gjere det meir attraktivt å reise hit, bu her og etablere seg her – også i framtida. Prosjektet skal vere avslutta sommaren 2010.

Omdømmebygging

Korleis satsing på omdømme kan gje vekst og trivsel, er godt illustrert gjennom fagleg ansvarleg for Omdømmeskulen til Distriktssenteret, Børre Berglund:



Måten vi framstår på utad, blir ein stadig viktigare konkurransefaktor i kampen om innbyggjarar og utvikling. Vi har difor satsa vidare på dei tre gruppene Visjon, Omdømme og Byforming for å styrke vår eigen identitet, styrke områder vi er svakare på og kommunisere ut det vi er sterke på.

God kommunikasjon

Openheit er viktig i omdømmesamanheng og vi har lagt vekt på å vere tydelege, tilgjengelege og opne. Nettsida www.fordeframover.no har vore brukt aktivt og har vore regelmessig oppdatert. Det har i 2009 vore lagt ut nye 40 artiklar, to nye sider med informasjon om Bystien og oversikt over bransjar i Førde, samt nye filmar frå Førde og Førdefestivalen, Førdesang-video og brosjyremateriell. Desse har alle vore relatert til enten omdømme, byforming eller visjon for Førde.

I tillegg er det lagt ut kommentarar, artiklar og bilde på gruppene på Facebook og Origo, som begge har fleire hundre medlemmer. Mange filmar om Førde er lagt ut på YouTube og slik blitt tilgjengeleg for alle interesserte.

Førde Framover har delteke på Sunnfjord-standen på Reiselivsmessa i Bergen i januar og Førde-standen på Inspirasjonsmessa i Førdehuset i mars. Medlemmer har presentert Førde Framover i frivillige organisasjonar som Førde Lions og Førde Rotaryklubb. Vi har også presentert oss for – og hatt god dialog med;

- Næringsliv i fylket
- Næringsaktørar i Førde

- Førde kommune
- Andre kommunar (m.a. Vågsøy)
- Sogn og Fjordane-miljøet gjennom m.a. eit møte i regi av kommunal- og regionaldepartementet.

Media

Førde Framover har også i 2009 hatt fleire oppslag i Firda, men også i NRK Sogn og Fjordane, på nettsidene til entreprenørskapsportalen www.driftig.no og på www.distriktsenteret.no, som har eit ansvar for omdømmesatsinga til Kommunaldepartementet. Alle oppslaga, både artiklar og leiarar, har vore positive til arbeidet vi har gjort og måten vi har gjort jobben på. Dette set vi høgt.

Gruppa Omdømme

Omdømmegruppa har i 2009 vore leia av Guri Sandelien Rekve. Medlemmer har vore Margunn Masdal (overtatt som leiar frå januar 2010), Frode Hovland, Anne-Mette Hjelle og Tom Farsund.

Omdømmegruppa har hatt 5 møter i 2009 og lyst ut både song- og fotokonkurransen for å styrke identiteten til Førde. Fotokonkurransen blei dessverre avlyst pga. for få innsendte bidrag. Songkonkurransen derimot meiner vi var vellukka, med 11 bidrag. Vinnaren vart ungdomsgruppa "Samora" frå Førde. Dei fekk framføre songen under Sommarfesten og fekk møte alle dei andre artistane. Songen har og vore spelt i forkant av Førde Fotball sine heimekampar. Over nyttår spelte dei den inn i studio, der cd'en blir distribuert til skulane i Førde til våren.

I tillegg har omdømmegruppa hatt eit særleg oppsyn med nettsida og medieoppslag, samt assistert visjonsgruppa med kunstbrosjyren. Omdømmegruppa – saman med Byformingsgruppa - har også bidrege til at 3D-programmet av Førde by blei lansert hausten 2009.

Gruppa Byforming

Byformingsgruppa har i 2009 – som i 2008 - vore leia av Svein-Arne Skuggen Hoff. Med i gruppa har vore Magne Faleide, Astrid Wittersø, Mariann Njosen, Helene Vie og Grete Marøy Sellevoll. Byformingsgruppa har hatt 12 møter i 2009.

Denne gruppa har også i 2009 hatt god kontakt med Førde kommune i spørsmål om planarbeid og estetisk utforming. Gruppa har engasjert seg i planane for rådhuskvartalet, delteke på fleire møter med aktørar i Sentrum Sør, utarbeidd fargekart på fasadane i Sentrum Sør, arrangert Elvevandring i samarbeid med andre aktørar i Førdesamfunnet og utarbeida framlegg til nye kommunale retningsliner for utvikling i sentrum.

I tillegg har byformingsgruppa, saman med omdømmegruppa, gitt ut ei kunstbrosjyre i sommargåve til alle husstandar i Førde. Denne er lagt ut på nettsida, slik at også andre kan skrive den ut. Brosjyren gir forslag til kunstturar i Førde, med oversikt over offentleg kunst i uteromma i området. Denne blei godt motteken og fekk fleire positive oppslag i Firda, m.a. lesarbrev.

Gruppa Visjon

John Helge Lunde har vore leiar for visjonsgruppa, der også Torhild Hvidsten, Bente Walaker, Grethe Øren, Tore Dvergsdal og Leif Arne Åsen har vore med. Visjonsgruppa har

hatt ti møter i 2009 inklusiv eit stort visjonsmøte for alle i Førde Framover på byrjinga av året . Gruppa har organisert skriving av framtidsbrev i barneskulen og bilde av Førde i vidaregåande skule. Visjonsgruppa sitt forslag til visjon for Førdesamfunnet dei neste 20 åra er "Førde – ei drivkraft med menneska i sentrum". Visjonsgruppa har vidare kome med forslag til mål for Førdesamfunnet. Sjå eige [visjonsdokument](#).

Rekneskap

Førde Framover har i 2009 hatt samla inntekter på kr 200.000. Kr 150.000 av desse kjem frå INU midlar (arbeidsgjevaravgiftspengar finansiert av dei største verksemdene i Førde). Dette utgjer 50% av det beløpet som Førde Framover blei tildelt i 2008. Vidare har Førde Framover motteke kr 50.000 i gåve frå Sparebanken Sogn og Fjordane og desse midlane vart gitt for å medverke til finansiere av 3D modell Førde. Andre prosjekt finansiert av Førde Framover er: Kunstbrosjyre for Førde, fargesetting Sentrum Sør, Visjonsdag/ visjonsbanner og Førde Song. Totale prosjektkostnader har i 2009 vore på kr 149.336. Dei administrative kostnadene har i 2009 vore på kr 36.238.

Rekneskapan for 2009 viser eit overskot på kr. 14.238. Eigenkapitalen er negativ med kr 45.407. Eigenkapitalen må sjåast i saman med at Førde Framover har til gode kr 150.000 i INU midlar. Desse blir inntektsført og utbetalt i 2010 og det akkumulerte underskotet blir å dekke av desse midlane.

John Helge Lunde i Førde Framover har vore økonomiansvarleg. Rekneskapsentralen AS er ansvarleg for å føre rekneskapan, som ligg vedlagt. Leiarane i dei enkelte gruppene, samt prosjektkoordinator, er styringsgruppe for prosjektet og ansvarleg for rekneskap og årsmelding.

Prosjektleiing

Prosjektkoordinator Anne-Mette Hjelle har også i 2009 utført sekretariattjenester, organisering og kommunikasjonsarbeid. Ho har også stilt med kontor og hatt ansvar for å ta seg av 4 ungdommar frå Førde Ungdomsskule på utplassering i seks dagar. Elevane har i samarbeid med Hjelle bidrege med bilde, film og artiklar til nettsida. I tillegg har dei vore med på lanseringa av 3D-modellen av Førde by.

Avtalen var at ho skulle ha betalt for arbeid som ikkje naturleg fell inn under omgrepet "dugnad", men etter eige ønskje er det i 2009 ikkje utbetalt noko honorar.

Vedlegg: rekneskap for 2009 .

Førde, 9. mars 2010

John Helge Lunde

Svein-Arne Skuggen Hoff

Margunn Masdal

Anne-Mette Hjelle